

Detaljregulering for Øyrane AS

Prosjektnummer: 1962

Dato: 29.05.2018

Stranda Kommune



Innhold

Plankart, datert: 29.05.2018

Reguleringsføresegner, datert: 29.05.2018

Innhaldsliste – planomtale:

1. Samandrag	3
2. Bakgrunn for planarbeidet	3
3. Planprosess	3
4. Planstatus, rammer for arbeidet	6
5. Eksisterande situasjon	6
6. Verknader av planen	9
7. Skildring av planforslaget	11
8. Risiko- og sårbarheitsanalyse	12

Vedlegg:

Plankart

Føresegner

Vurdering av stabilitet på tomtegrunn

NGI rapport 20100388-00-4-R



aaland
arkitektkontor a.s.

post@aalark.no

Tlf: 57 87 46 50

Øyrane AS - Planomtale

Prosjektnr: 1962

1. Samandrag

Foreslått regulert areal er lokalisert i Hellesylt sentrum, og har dei siste 30 åra vore nytta til campingplass. Det er no eit ønskje om å leggje til rette ei utvikling av området med bygging av fritidsbustader med tilhøyrande anlegg og aktivitetar. Turisme er ei næring som står sterkt i Stranda kommune, og ein ønskjer å legg til rette for besökjande til Hellesylt. Dette vil vere eit positivt bidrag til både bygdelivet og økonomien i bygda. Området er også svært godt eigna for denne typen verksemder, med si sentrale lokalisering samtidig som det er nærliek til både fjord og fjell.

Oppstart vart varsle i desember 2014 som detaljregulering for Hellesylt turistsenter, men saka har etter det stått i ro. Spørsmålet om oppstart skulle varslast på nytt har vore drøfta med Stranda kommune, der konklusjonen var at det ikkje er naudsynt, då planforslaget er i tråd med overordna plan og det ikkje har skjedd eigarskifte i området sidan sist.

2. Bakgrunn for planarbeidet

2.1 Forslagsstiller

Planforslaget er utarbeida av Aaland arkitektkontor på vegne av grunneigar Hellesylt turistsenter AS.

2.2 Føremål

Føremålet med planen er å leggje til rette for ei utvikling av området i form av utbygging av både frittliggjande og konsentrerte fritidsbustader med tilhøyrande småbåthamn, små salsboder med t.d. lokal mat, handverksprodukt og liknande.

2.3 Politiske vedtak

Fast utval for plansaker gjorde i møte 13.11.2014 vedtak om oppstart.


3. Planprosess

3.1 Oppstartsmøte

Det vart gjennomført oppstartsmøte på rådhuset på Stranda 01.10.2014. Det vart ikkje stilt krav til planprogram og konsekvensutgreiing, då planforslaget er i tråd med overordna plan.

3.2 Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart varsle 02.12.14 på Stranda kommune si heimeside og i Sunnmøringen, med frist sett til 10.01.2015. Kart til høgre syner planområdet som vart varsle.



3.3 Innkomne merknader

Merknad nr. 1 – Stranda Hamnevesen KF

Stranda Hamnevesen KF kjøpte i 2010 gbnr. 91/235 av Hellesylt turistsenter, med tilhøyrande vegrett. Det vert understreka at tilkomst med bil og andre køyretøy til eigedomen må oppretthaldast i ny plan. Det må også sorgast for tilgang til eigedomen frå sjøsida.

Viser til at område o_KA13 er regulert til pullert i områderegulering for Hellesylt sentrum, og at planforslaget må utformast slik at pullert kan etablerast som planlagt, og at det ikkje vert andre hindringar i samband med fortøyning.

Det bør etablerast ein gang- og sykkelveg frå Hellesylt kai til fv. 60, slik at ein kan skilje mjuke trafikantar frå anna trafikk på strekninga. Gangvegen bør alternativt etablerast på nordsida av vasskanal, parallelt med veg frå Hellesylt kai til fv. 60.

Ein bør vurdere løysingar for mjuke trafikantar som skal krysse fv. 60 i området ved Hellesylt turistsenter og Trygg Trykk, samt Hegstad gard og parkeringsplass.

Vurdering:

Område o_KA13 følger tomtegrensene til gbnr. 91/235, og ligg uendra frå overordna plan.

Planområdet omfattar ikkje Hellesylt kai, Trygg Trykk og Hegstad gard. Planlagt gang- og sykkelveg blir horudsakleg liggjande som i overordna plan, med unntak av at gangbru over elv i nord av planområdet vil krysse noko lenger mot vest.

Merknad nr. 2 -Statens vegvesen

Talet på avkørsle langs vegstrekka inn mot Hellesylt sentrum er relativt høgt i forhold til behovet, og Statens vegvesen oppmodar om at det berre blir regulert ei avkørsle frå fv. 80. Omsyn til trafikktryggleik seier ei plassering sør for kryss med fv. 60.

Vurdering:

Det vert lagt til rette for ei avkørsle i planforslaget. Merknad teken til fylgje.

Merknad nr. 3 – Møre og Romsdal fylkeskommune

Påpeiker at det ligg føre motsegn til områderegulering for Hellesylt sentrum, og at ein ikkje kan få godkjent detaljreguleringa før motsegna er trekt og områdereguleringa er eigengodkjent.

Området ligg i eit prioritert område for marine kulturminne, og forslagsstiller har etter kulturminnelova §§ 9 og 10 undersøkingsplikt. Ber om at Bergens Sjøfartsmuseum vert kontakta angåande gjennomføring av feltundersøkingar.

Vurdering:

Områderegulering for Hellesylt sentrum vart eigengodkjent i 02.09.2015.

Bergens Sjøfartsmuseum har vore kontakta, og har gitt tilbakemelding om at det ikkje er krav til vidare undersøkingar då området er utfylt frå tidlegare.

Merknad nr. 4 – Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Natur og miljøvern: Arealet grensar i aust mot Korsbrekke naturreservat. Kommunen burde gjere ei vurdering i planomtalen av moglege effektar på naturmangfaldet på grunnlag av nærleik til reservatet, jf. Naturmangfaldslova § 49. Etter § 7 skal ein legge prinsippa §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka.

Samfunnstryggleik: ROS-analysen bør vere ei oppsummering av relevante forhold frå ROS-analysen til områdereguleringa og ei klargjering av kva vilkår dette gir for arealbruken innanfor detaljreguleringa.

Vurdering:

Merknad teken til vitande.

Merknad nr. 5 – NVE

Reknar med at gjeldande plan vert lagt til grunn.

Planområdet er omfatta av omsynssoner for skred og flaum med tilhøyrande føresegner, og NVE føreset at rammene som er i gjeldande plan vert vidareført i detaljreguleringa.

I plandokumenta må det vere skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må leggjast ved.

Vurdering:

Planforslaget er i tråd med overordna plan, og rammene som er sett i områdereguleringa er vidareført.

3.4 Planprosessen vidare

Fasar i planarbeidet	Medverknad	Framdrift
Offentleg ettersyn – 6 veker	Kunngjering og brev til partar	Fast utval for plansaker Juli 2018
Handsaming av merknader		September 2018

Evt. revisjon av plandokument, evt. nytt offentleg ettersyn		September/oktober 2018
Vedtak av plan	Kunngjering og brev til partar	November 2018
Kunngjering av vedtak	Kunngjering og brev til partar	November 2018

4. Planstatus, rammer for arbeidet

4.1 Gjeldande reguleringsplan


Området er regulert til fritidsbusetnad, småbåtanlegg med tilhøyrande strandsone og forretning/tenesteyting/fritids- og turistføremål i områderegulering for Hellesylt sentrum (2015).

4.2 Planarbeid i området

Det er ikke kjent at det pågår planarbeidet i nærliken av området som kan ha innverknad på planforslaget.

4.3 Eigartilhøve og planavgrensing

Planen er avgrensa i samråd med kommunen i oppstartsmøtet, og ligg innanfor stripla linje på kartet.



Planområdet omfattar gbnr. 91/183 (Hellesylt turistsenter AS), 91/235 (Stranda hamnevesen KF) og 91/174 (Stranda kommune). Det har nyleg vore gjennomført ei grensejustering i sør aust av planområdet, slik at eideomsgrensa i sør aust for gbnr. 91/183 samsvarar med føremålsgrensa.

5. Eksisterande situasjon

5.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert i sør austleg del av Hellesylt sentrum i Stranda kommune.

5.2 Planområdet

Området har tidlegare vore nytta til campingplass. Det står eit bygg på eigedomen, som har vore nytta til sanitæranlegg og kiosk. Dette bygget er tenkt vidareført i planforslaget, men ettersom bygget ligg innanfor eit årleg sannsyn for skred på 1/100, vert det ikkje opna for anna enn vedlikehald av bygget.

5.3 Veg- og trafikktihøve

Fylkesveg 80 passerer området i vest. Tilkomst til området er fra fylkesvegen.

I 2017 hadde vegen ein ÅDT (årsdøgntrafikk) på 770. Det er ikke registrert trafikkulykker i området, jf. vegkart.

Det er i gjeldande plan avsett eit eige område til parkering for området (P6), og det er i føresagnene sett krav til at det vert avsett to parkeringsplassar per bueining.

5.4 Terren, landskap, vegetasjon

Området er tilnærma flatt og ligg rett ved fjorden. Alle flatene er opparbeidde.

Skjeringspunkt mot sjø er tidlegare utfyldt masse. Det går ein liten bekke gjennom planområdet i nord.

Bekken som går gjennom planområdet i nord.



5.5 Områdets grønstruktur, friområde og rekreasjon

Arealet nærmest bekken er avsett til friluftsområde i vassdrag. Langs bekken på begge sider veks det lauvtre, hovudsakleg bjørk. Det er elles lite grønstruktur i området slik det ligg i dag.

5.6 Grunntilhøve

I følgje kart henta fra skrednett.no, ligg området under marin grense. Området ligg også på ei fylling i sjøen.

Kvalitet og stabilitet av grunnen er vurdert av PaGeCo v/ Svein Ivar Parr. Det er nytta ulike typer masse til utfylling gjennom tidene i samband med nærliggande anleggsaktivitet, men hovudsakleg av morenemasse og sprengsteinmasse.

Fyllinga er bygd opp lagvis før den er planert og komprimert, og vert i rapporten vurdert til å vere ein stabil byggegrunn.
markering syner potensiell krikkleiresone (skrednett.no)



Lyseblå

I samband med planlagt utbygging er det lagt ut eit forsterkningslag av velgradert sprengstein over heile området, med ein tjukkelse på 1-1,5 m.

5.7 Støy


Nordvestleg hjørne av planområdet ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen (vegvesen.no). Det er ikkje planlagt nye tiltak innanfor støysona.



5.8 Naturmiljø

I følgje miljostatus.no er det registrert ærfugl og fiskemåse, som begge er nær trua artar i Norsk Rødliste.

Brun skravarur syner område for ærfugl og fiskemåse, medan grøn skravarur syner svært viktige og viktige naturtypar (ålegras).



5.9 Verneinteresser

Korsbrekke naturreservat ligg søraust for området, og fekk vernestatus i 2003.

Korbrekkeosen er eit av få deltaområde på Sunnmøre som er delvis intakt.

Føremålet med vernet er å ivareta elvedeltaen inkludert dei botaniske og geologiske verneverdiane. Kartet under er henta frå naturbase.no, og grøn markering syner verneområdet.



5.10 Ras og Flaumfare

Området vert direkte råka av flodbølga ved eit eventuelt fjellskred frå Åkneset. Føremåla er i tråd med overordna plan, og arealbruken er tidlegare vurdert i høve flodbølgefaren.

Området er også utsett for snøskredfare, og er tidlegare vurdert av NGI i samband med områderegulering for Hellesylt sentrum.

Rapporten konkluderer med at nordvestleg hjørne av planområdet er utsett for tørre snøskred med eit årleg sannsyn på 1/1000 og 1/100.

Området ligg innanfor omsynssone for flaum ved stormflo.

Det går ein tidlegare lukka bekk gjennom planområdet i nord, som har blitt gjenopna. Det skal ikkje vere fare for flaum frå bekken.



5.11 Vatn og avlaup - overvatn

Det er opparbeida offentleg vatn og avlaupsnett i området. Det er få tette flater innanfor planområdet, slik at grunnen infiltrerer.

6. Verknader av planen

6.1 Kulturminne/kulturmiljø

Området ligg i eit prioritert område for marine kulturminne, og det er såleis mogleg at det kan vere verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen. Bergens Sjøfartsmuseum har vore kontakt vedkomande dette, og har gitt tilbakemelding om at det ikkje er krav til marine undersøkingar då foreslått regulert areal er tidlegare utfylt.

6.2 Born og unge sine interesser

Planforslaget legg til rette for hytteutbygging, og vil såleis vere ei tilrettelegging for barn og unge sin bruk av området. Det vil også bli avsett areal til leik- og uteopphold.

Barn og unge sin representant i Stranda kommune vil få planforslaget til uttale i samband med offentleg ettersyn.

6.3 Naturmangfold

Naturmangfaldslova § 7 viser til prinsippa for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12, og at desse skal leggjast til grunn som retningslinjer. Prinsippa omhandlar kunnskapsgrunnlaget, «føre var»-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnadene ved evt. miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Så nær som heile området er markert som svært viktig og viktig område grunna førekommst av ålegras.

Området er frå tidlegare utfylt, og planlagde tiltak vil ikkje krevje meir utfylling. Det er i tillegg lagt inn byggegrense 5 meter frå naturreservatet. Småbåtanlegget er ein flyttbar konstruksjon. Ein kan såleis ikkje sjå at planforslaget skal ha innverknad på verneområdet.

Kantstrengen på bekken som går gjennom planområdet er avsett til friområde slik at ein bevarer ei vegetasjonssone.



Småbåthamna

6.4 Flaum og høgde på byggeareal

Planområdet ligg i omsynssone for flaum som følge av framtidig havstigningsnivå og stormflo. Arealet er nyleg fylt opp med masser, til ei høgde på ca. kote 2,35 m. Ved utbygging må tomtearbeid og fundament opparbeidast slik at golva på bygga kjem på minimum kote 2,70. Det er sett krav til minimumshøgd for golv på bygningane i tråd med dette i føresegner.

6.5 Universell utforming

Området er flatt og lett tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne. Ved siste opparbeiding er området tillaga med eit stigningsforhold på maks 1:10

Universell utforming skal leggjast til grunn der det er krav til dette.

6.6 Samla verknader av planforslaget

Det er vurdert til at planforslaget ikkje vil medføre negative verknader i eller utanfor planområdet. Gjennomføring av planen vil vere eit positivt bidrag til bygda ved at det skjer ei utvikling i sentrum.

På sommarstid er bygda prega av turisme og mange besökande, og i dag er det eit avgrensa tilbod med omsyn til overnattingsmoglegheiter på Hellesylt.

Utbygging av fritidsbustader fører ofte også med seg økonomiske ringverknader.

7. Skildring av planframlegget

7.1 Planlagt arealbruk - Reguleringsføremål

Føremål	Plannemning	Areal
Bygningar og anlegg		
Frittliggende fritidsbustader	FRH1	2,7 daa
Konsentrerte fritidsbustader	FRH2, FRH3	3,3 daa
Forretning/Tenesteyting/fritids- og turistføremål	F/T/F	2,9 daa
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	SM3	1,6 daa
Uteoppholdsareal	BUT1	0,4 daa
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Parkeringsplass	P6	0,3 daa
Køyreveg	V12, V13	3,4 daa
Gang- og sykkelveg		0,9 daa
Anna vegareal teknisk anlegg		0,9 daa
Kai	KAI3	0,2 daa
Grøntstruktur		
Friområde	FR17, FR19	0,7 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag		
Friluftsområde i sjø og vassdrag		0,4 daa
Total arealbruk		17,7 daa

Bygningar

Det er opna for både frittliggende og konsentrerte fritidsbustader innanfor planområdet. For område FRH1 (frittliggende fritidsbustader) er området delt inn i tomter. Tomtene er relativt små for å halde tomteprisane nede, samtidig som ein sikrar økonomi i utbygginga.

Innanfor areal avsett til forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål er det ønskje om å etablere små salsboder for lokalbefolkninga, turistar og hyttebebuvarane. Det kan også vere aktuelt å etablere eit aktivitetssenter, fellesområde eller liknande.

Småbåthamna er etablert tidlegare i samsvar med overordna plan, og blir vidareført i detaljreguleringa. Denne vert privat for hyttebebuvarane.

Parkering

Overordna plan set krav til to parkeringsplassar per bueining. Desse kan etablerast innanfor områder for fritidsbustader eller dekkjast opp innanfor felles parkeringsplass P6.

Kai

Arealføremålet følgjer eigedomsgrensene, og er avsett til kai. Innanfor arealet, som er eigd av Stranda hamnevesen KF, er det etablert ein pullert som vert nytta av cruiseskip og storbåtar.

8. Risiko- og sårbarheitsanalyse

I samband med utarbeiding av planforslaget er det fylt ut ei sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit. Denne er basert på døme i Fylkeskommunen sin rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar. Lista er brukt som utgangspunkt for å identifisere tema som krev nærmere undersøking og evt. særskilte omsyn eller tiltak. Det er også brukt ein enkel risikomatrise, for situasjonen etter utbygging. I denne er vurderingar av sannsyn og konsekvens gjevne ein talverdi. For dei punkta der ein ser det er aktuelt, fylgjer ein nærmere omtale og vurdering i prosa, etter skjema.

Metode for vurdering av hendingar:

Metode for vurdering av hendingar i ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren «samfunnssikkerhet i arealplanlegging» utarbeidd av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og «Rettleiar for utarbeiding av reguleringsplanar», utarbeidd av Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Ved skildring av «**Sannsynlegheit**» er det nytta følgjande kategoriar og kriterium:

Sannsynleg	Generell	Skred	Flaum
1. Lite sannsynleg	< 1 pr. 50 år	1 pr. 5000 år	
2. Mindre sannsynleg	1 pr. 10 år – 1 pr. 50 år	1 pr. 1000 år	
3. Sannsynleg	1 pr. år – 1 pr. 10 år	1 pr. 100 år	1 pr. 20 år – garasje/lager 1 pr. 200 år – B/F/K/Skule 1 pr. 1000 år – sjukehus/beredskap
4. Særs sannsynleg	> 1 pr. år	> 1 pr. 100 år	Som for sannsynleg

Ved skildring av «**Konsekvens**» er det nytta følgjande kategoriar og kriterium:

Begrep	Liv/hendelse	Miljø
1. Ufarleg	0 personskade	O skadde
2. Ein viss fare	Få/små personskader	Små, lokale skader
3. Farleg	Alvorlege personskader	Omfattande skade, regionale konsekvensar, restitusjon < 1 år
4. Kritisk	Alvorleg personskader/ 1 død	Alvorlege skader, regionale konsekvensar, restitusjon > 1 år

5. Katastrofal	1 eller fleire døde	Svært alvorlege, langvarige skadar, uoppretteleg miljøskade
----------------	---------------------	---

Risikomatrise:

Konsekvens: Sannsyn:	1: Ubetydelig	2: Mindre alvorlig/ein viss fare	3: Betydelig/ kritisk	4: Alvorleg/ farleg	5: Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Svært sannsynleg/ Kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Mykje sannsynleg/ periodevis, lenger varigheit.	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/ fleire enkeltilfelle	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/kjenner tilfelle.	2	4	6	8	10
1: Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

Sjekkliste ROS

Plannamn og -id.:	Detaljregulering for Øyrane AS		
Utført av:	Aaland Arkitektkontor as		
Dato:	28.05.2018		
Underskrift:	Marte Lindberg		

Uønskt hending	Aktuelt ?	Sannsyn	Konse- kvens	Samla risiko	Kommentar/tiltak
Natur- og miljøforhold					
Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre risiko eller auka påkjenningar for:					
<input type="checkbox"/> Snø- eller steinskred/-sprang?	Ja	3	3	9	Nordvestleg hjørne av planområdet er utsett for snøskred. Sjå kommentar i pkt. 8.1.

<input type="checkbox"/> Flodbølgjer som følgje av skred?	Ja	4	5	20	Sjå kommentar, pkt. 8.2.
<input type="checkbox"/> Kvikkleire eller anna ustabilitet?	Nei				Rapport utarbeida av PaGeCe konkluderer med at sedimenta under fyllinga er velkonsoliderte og eit stabilt fundament
<input type="checkbox"/> Flaum/flaumskred?	Ja	4	2	8	Fare for flaum ved stormflo, sjå kommentar, pkt. 8.3.
<input type="checkbox"/> Overvatn?	Ja	2	2	4	
<input type="checkbox"/> Radon?	Ja	1	4	4	Sjå kommentar under.
<input type="checkbox"/> Skog-/lyngbrann?	Nei	1	1	1	
<input type="checkbox"/> Stormflo?	Ja	1	4	8	Sjå kommentar, pkt. 8.3.
<input type="checkbox"/> Vind?	Nei				
<input type="checkbox"/> Sårbar flora?	Nei				Miljostatus.no
<input type="checkbox"/> Verneområde?	Nei				Tilgrensande verneområde vert ikkje råka av tiltaket
<input type="checkbox"/> Vassdragsområde?	Nei				Fylkesatlas
<input type="checkbox"/> Kulturminne/-miljø?	Nei				Fylkesatlas

Verksemndrisiko					
<input type="checkbox"/> Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei				
<input type="checkbox"/> Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei				
Medfører planen/tiltaket:					
<input type="checkbox"/> Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	Nei				
<input type="checkbox"/> Lagring av farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	Nei				

<input type="checkbox"/> Auka risiko eller andre påkjenningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	Nei				
---	-----	--	--	--	--

Ureining

Er det i området:

<input type="checkbox"/> Fare for akutt ureining?	Nei				
<input type="checkbox"/> Permanent ureining?	Nei				
<input type="checkbox"/> Støy og støv (industri, trafikk m.v.)?	Nei	5	1	5	Sjå kommentar i pkt. 8.4.
<input type="checkbox"/> Ureina grunn?	Nei				Lokalkunnskap
<input type="checkbox"/> Høgspentlinjer?	Nei			1	Fylkesatlas
<input type="checkbox"/> Anlegg for avfallshandsaming?	Nei			1	Lokalkunnskap

Medfører planen/tiltaket:

<input type="checkbox"/> Fare for akutt ureining?	Nei				
<input type="checkbox"/> Fare for permanent ureining?	Nei				
<input type="checkbox"/> Støy og støv?	Ja	3	1	3	I anleggsperioden
<input type="checkbox"/> Høgspentlinjer?	Nei				
<input type="checkbox"/> Anlegg for avfallshandsaming?	Nei				

Beredskap

Er det i området:

<input type="checkbox"/> God tilkomst for utrykkingskøyretøy?	Ja				
<input type="checkbox"/> Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	Ja				

Medfører planen/tiltaket:

<input type="checkbox"/> Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse m.v.)?	Nei				
---	-----	--	--	--	--

Infrastruktur

Er området utsett for, eller kan planen/tiltaket medføre auka risiko for:

<input type="checkbox"/> Trafikkulukker?	Nei				Vegvesen.no
<input type="checkbox"/> Manglende kapasitet i kraftforsyninga?	Nei				

<input type="checkbox"/> Manglande kapasitet i tele-/ dataforsyninga?	Nei				
<input type="checkbox"/> Manglande kapasitet i VA-system?	Nei				
Andre forhold					
• Fare for sabotasje/terror?	Nei				
• Fare for annen kriminalitet?	Nei				
• Vatn med fare for usikker is?	Nei				
• Terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup, skrentar m.v.)?	Nei				
• Gruver, opne sjakter, steintippar m.v.?	Nei				

8.1 Snø- eller steinskred/-sprang:

Faresone 1/1000 og 1/100 for snøskred går gjennom planområdet i nordvest. Kiosk/sanitærbygg ligg innanfor sone for 1/100-års skred. Det er ikkje planlagt nye tiltak innanfor området med eit årleg sannsyn på 1/100.

8.2 Flodbølgjer som følgje av skred:

Området er utsett for flodbølgje som følgje av skred. Temaet er tidlegare vurdert for området i overordna plan.

8.3 Flaum/flaumskred og stormflo:

Området er utsett for overfløyming ved stormflo. Det er sett krav til at nye bygningar skal ha golvhøgd på minimum kote 2,70 i føresegnene.

8.4 Støv og støy

Eit lite hjørne av planområdet i nordvest ligg innanfor gul sone for støy frå fylkesveg 60. Det er ikkje planlagt støyfolsomme tiltak innanfor støyutsett område.

